

Framlegg til sak på årsmøte i Bygdø Monolitten IL 2019 frå medlem Kjartan Helleve:

Framlegg:

Bygdø Monolitten Idrettslag (BMIL) skal innan 2021 byte namn til Skøyen Ballklubb (SBK).

Grunngjeving:

Å vera eit lokalt treffpunkt er ei av dei viktigaste oppgåvene til ein idrettslag. Dette gjeld ikkje minst på Skøyen, der idrettslaget er ein av svært få institusjonar som har denne funksjonen. Difor er det unaturleg at idrettslaget har eit stadnamn som ligg utanfor kjerneområdet vårt. Å få Skøyen inn i klubbnamnet syner omverda kvar me høyrer heime, det styrker identiteten vår og gjer oss klare til å bli større i takt med utviklinga i området. Det kan også tenkjast at ein sponsor ville vera meir villig til å knyte seg til klubben med eit slikt namn. Skøyen Ballklubb seier kvar me driv på med og kvar me høyrer heime.

Klubben har bytt namn fleire gonger. Den vart grunnlagt som Djerv, var innom Skøyen Ballklubb, før den tok namnet Bygdø Ballklubb (BBK). Ganske tidleg vart det strid i klubben, og ei utbrytargruppe starta Skøyen Idrettsforening. Klubbsoaga seier lite om grunnen, men etter «forhandlinger» vart ein snart samla til éin klubb att. I 1933 vart Skøyen Arbeideridrettslag (Skøyen AIL) skipa, og igjen vart det splid i idrettsmiljøet. Skøyen AIL la seg sjølv ned då krigen kom, og medlemmene vart etter krigen med i BBK. I 2005 slo BBK seg saman med Monolitten Idrettslag og Bygdø Monolitten Idrettslag såg dagens ljøs.

Men BMIL er eit bastardnamn som tydeleg syner at dette er ei samanslåing mellom to idrettslag. Det er no straks 15 år sidan samanslåinga, og det er no på tide å gå vidare.

I oversynet over idrettslag i ISU Frogner sitt virkeområde høyrer me heime i dette selskapet: Bygdø Badmintonklubb, Bygdø Fekteklubb, Bygdø Idrettslag (!), Bygdø Tennisklubb og Bygdø Basketballklubb. Det er ikkje eit selskap me geografisk høyrer heime i. Historisk, ja, men tidene har endra seg. Bygdø Idrettslag (grunnlagt 1930) tek seg av skisporten for dei yngste + løping og Huk (grunnlagd 1982) tek seg av fotballspelarane.

Monolitten plasserer oss også i feil geografisk ende. Rett nok ligg skulpturen rett ved Skøyen skole, og var eit heilt naturleg namn då all aktivitet var i Skøyenhallen. Men no er svært mykje av aktiviteten nede på Ferd, og i framtida truleg også på Hoff. Dessutan har Frognerparken Idrettslag (grunnlagt 2017) nyleg blitt skipa. Då blir det rart å kalle opp idrettslaget etter ein skulptur i Frognerparken.

Skøyen Ballklubb seier kvar me driv på med og kvar me høyrer heime. Eit alternativ kunne ha vore Skøyen Idrettslag, men det er svært lite truleg at ballidrettane skal bli mindre viktige i framtida. Skulle ein kome på å starte opp med t.d. friidretten igjen, så er det greitt å minne om at Vestre Aker Skiklubb er fleire innebandylag i seriespel.

Det viktigaste argumentet er likevel at ballklubb-namnet tek vare på tradisjonane frå BBK, med lik utforming av logo, klubbhuset og Fred-feltet.

Det er ingen tvil om eit eventuelt namnebyte vil koste. Eit nytt brystmerke på ei eksisterande drakt kostar fort kr 25,-, og gangar ein det med 1200 utøvarar og reknar med at alle har to drakter pluss overtrekkstøt, så blir det fort pengar. I tillegg kjem alt av tilfang og banner. Ei løysing kan vera å ha ein overgangsperiode på to år, der klubben spelar under namnet BMIL/SBK. Der gjer det mogleg å bruke gamalt utstyr, samstundes som nye drakter får SBK-logoen. Eit anna alternativ er i skaffe seg utstyr til å gjera denne jobben sjølv på dugnad, som truleg vil kunne kutte utgiftene. Asker Innebandyklubb har t.d. ei slik løysing. Men alt dette må sjølvstøtt utgreiast betre og i detalj.

Framlegg til logo for Skøyen Ballklubb:

